

VI BETALA IKKJE!

KAFFI · TE

AV DARIO FO



Sogn og Fjordane Teater



KJÆRE PUBLIKUM !  
GJER BRUK AV TEATRET DITT !



Sogn og Fjordane Teater har stått på egne bein i over eit år no. I denne tida har teatret, trass i krise og vanskeleg oppstart, hatt eit variert tilbod av store og små framsyningar. Dette gjeld ikkje berre dei faste postane som tilbod til barn, skular, lag, institusonar og det såkalla «kveldspublikummet».

Nei, teatret har og vore i flittig bruk på nasjonale høgtidsdagar ved lokale festsamkome, og ved private og offentlege arrangement rundt omkring i fylket. Teatret har prøvd å gå nye vegar når det gjeld tilbod og kurs til amatørar. I tillegg til to store seminar i Førde og på Nordfjordeid, har vi leiga Vestlandske Teaterlag til å utføra eit større opplegg med kurs og teateraktivitetar i mange lokalsamfunn for oss.

Nye vegar med å få alle interessegrupper med i eit lokalsamfunn er svært viktig, og må prioriterast høgt. Nett no held vi på å førebu oppheng og installasjonar av lysbuer o.a. på 10 stader rundt i Sogn og Fjordane. Til glede for dei som soknar til desse forsamlingshusa!

På denne måten vonar og teatret å leggje arbeidet betre tilrette for egne tilbod og framsyningar. Målet for Sogn og Fjordane Teater må vera å gjera eit så godt arbeid for deg og lokalsamfunnet ditt, som råd er. Skal vi greie dette, må du som publikum bruke teatret ditt.

Som innlegg i teaterprogrammet har vi ei kort orientering om at vi ynskjer deg som FAST TEATERKUNDE.

Send inn namn og adresse til oss. Så får du tilsendt nærare opplysningar om dei føremuner som ligg i dette.

La oss ynskje kvarandre lukke til med komande år, og gjere mest mogeleg bruk av teatret for kvarandre.

Beste helsing

*Sonegullstad*

DARIO FO —

KOMEDIEFORFATTAR, — MEN IKKJE  
AV DET BILLEGE SLAGET



Dario Fo er italiengar og skriv folkelege komedier. Han er også teaterleiar, instruktør og skodespelar — m.a. spelar han sitt eige einmannsspel «Mistero Boffo» — men hos oss er han nok best kjend som komedieforfattar.

Dei folkelege komediene til Dario Fo er nær i slekt med våre folkekomedier og dei byggjer på ein sterk og gammal tradisjon i Italia. Harlekin, gjøglaren i dei omreisande teatertruppene. Komediespelela med dei faste typane som publikum kjende att frå gong til gong: den gjerrige, gamle mannen, den

slu tenaren, det unge, forelska paret. Ålmenngyldige typar som vi hos oss gjekk i ungdomshuset og såg i skodepelet syttande mai. Grannekona var kanskje ekstra flink til å spele kjeftesmelle, ikkje sant?

Mykje kan vi kjenne att, men der finst også mange ulikskapar mellom vår folkekomedietradisjon og commedia dell'arte i Dario Fo sitt heimland. Italiengarane overdriv meir, er mindre realistiske, kunne vi seie. Tillet utrulege hendingar og spelar gjerne på at personane let seg innbille dei mest fantastiske ting.

Dario Fo brukar denne tradisjonen til å slåss for dei små i samfunnet. Spiten hans går i første rekkje ut over dei som har makt — rikfolk, embetsstanden, og ikkje minst kyrkja. Pavekyrkja står svært sterkt i det italienske samfunnet, mange meiner som Dario Fo at den har hjulpet dei rike til å undertrykkje dei fattige.

Dette bør vi ha i mente når vi set oss for å le av komedien «Vi betala ikkje! Vi betala ikkje!» Her er det mang ein sunn lått å få — både over trulege og utrulege ting. Men spiten ligg like under overflata og går ut over både kapitalmakt og pave. Det finst mykje beiskt alvor i den.

Som Dario Fo sjølv seier det: «I ti år har eg vore narr for borgarskapet, og borgarskapet har nytt at eg har spytta det i andletet. No vil eg vere narr for folket . . .»

Dario Fo er fødd i San Giano i Nord-Italia i 1926. Faren var jernbanemann. Under arkitektstudiet i Milano kom Dario inn i student og revyteaterarbeid og begynte så smått å skrive. Premiere på første skodespelet «Tommelfingeren» i 1953. Fann seg både kone og samarbeidspartnar i skodespelarinna Franca Rame. Saman starta dei eit teaterselskap som frå 1958 av hadde stor suksess med sine komedier og farser. Mot dei stod styresmakterne med sensur og stivbeint regelverk. I 1968 braut dei av og starta ei fri gruppe, det året då opprørstrongen viste seg så mange stader i verda. Dei reiste og spelte under kommunistpartiet sitt vern, men kom snart i konflikt med partileiarane og braut samarbeidet. Ei ny gruppe vart skapt av Fo og

Rame og spelar idag skodespela hans for utrulege tilskodarmengder — 5—6, ja opp til 20 tusen på ein gong.

Mannen som kan samle bortimot like mange tilskodarar som ein fotballkamp, har dette å seie om teateret:

«Teateret døyr, er dødt — vil døy . . .» Det har eg høyrtd sidan eg tok til å arbeide med teater. Også då eg studerte det greske antikke teater, teateret i mellomalderen, italiensk 1500--tals teater eller den engelske renessansen. . . . Kor mange gonger har eg ikkje høyrtd dei same frasene?

Teateret har alltid vore døyande, — det er dette som gjer teateret levande! Lat oss difor drepe det, gjere det til inkjes — viss vi vil det skal bli født på ny. Og dette er ikkje sagt som ein vits, det er sanninga. Det er dette som skil teateret frå litteraturen, bergar det frå litteraturen.



Dario Fo som «Den bortførte Fanfani»

VÅRENS STORE SLAGER —  
ITALIENSK PRODUKT UTFØRT PÅ LISENS I FØRDE  
OG AKTØRANE ER HEILNORSKE —



Som husmødre med innhaldsrike magar, ser vi Hilde Brenni og Anne Karin Torheim. HILDE BRENNI kjenner vi hos oss frå «VITAREN» i 1980. Elles har ho lang røynsle frå norsk teater. Alle Oslo-teatre, Riksteateret og Fjernsynsteateret har hatt glede av henne. Folk over heile landet moroa ho i TV-serien «Hjemme hos oss». ANNE KARIN TORHEIM er frå Nordfjord. Teateropplæring og — erfaring har ho m.a. frå Den Nationale Scene, Radioteateret, Thesbisteateret i Frognerparken. Teatervitskap mellomfag frå Oslo og studieopphald ved Grotskis teater i Polen. Hos oss har ho fersk hausten 1980 i leiketeteateret «Hei!» Fint å kunne spele på dialekt, syns ho.

Dei italienske arbeidarane skulle heller ikkje vere ukjende for oss. Både Magnus Tveit og Gerald Pettersen var med i «VITAREN». MAGNUS TVEIT er fødd i Hardanger og har etterkvart mange år bak seg i norsk teater. Både ved Det Norske Teateret, Rogaland Teater, Trøndelag Teater og i Radioteateret har han spelt mange roller. Men aller best vart han nok kjend med bergensarane. Ved DNS var han i heile seksten år.

GERALD PETTERSEN er meir uprøvd, men har greidd å få med seg både læreår ved amatørgruppa Vitamime på Sunnmøre, teatervitskap i Bergen og skodespelarutdanning frå London før han kom til Sogn og Fjordane Teater i 1980.

ROY JONASSEN har fått fleire roller å hanskast med, og må gå gjennom litt av kvart før stykket er ferdig. Men så har han då og fått med seg litt av kvart etter at han vart fødd på Abelsnes utanfor Flekkefjord for 27 år sidan. Mellom anna den psykiatriske sjukepleien var han innom før han drog til England og fekk sin B.A. (HONS) i teater frå Dartington College of Arts. Tredje året ved denne skulen vart brukt i eit ressurssvakt strøk i London der ein prøvde å få innpass med teater i ymse former. Noko som resulterte i fleire skodespel for dette publikummet. Av roller frå Englandstida kan nemnast Torvald i Et Dukkehjem og Leonardo da Vinci i Leonardos siste måltid. Sin debut på norske scener fekk han i leiketeteateret «Hei!» for Sogn og Fjordane Teater hausten 1980.

*Bilete frå prøvene:*

*Til venstre: Magnus Tveit  
og Gerald Pettersen.*

*Roy Jonassen*

*Over Hilde Brenni og Anne  
Karin Torheim*

## «VI BETALA IKKJE !»

Prisane galloperar som aldri før, og vi heng på — såvidt. Noken kvar vil kjenne seg som ein halvt svimeslegen rytter som klamrar seg fast til den løpske hesten, nesten iferd med å falle av.

Alvorlege saker, dette. Ikkje noke å le av, nett. Neivisst. På den andre sida — skulle ein la seg slå til marka av alt det leie som skjer i denne verda, så kom ein visst knapt opp for torva med nasen sin.

Dario Fo har valt å sjå komedien i det — som så ofte før. «VI BETALA IKKJE! VI BETALA IKKJE!» er ei ellevill farse om kvinner som går amok i eit supermarked, dumme mannfolk, parodiske politifolk, forvekslingar og mykje, mykje anna. Historia går føre seg i Italia, Dario Fo sitt heimland. Den

fortel om italienske tilhøve der arbeidarar nærast gjer opprør mot pristrykket. Pavemakta er også sterkt nærverande, t.d. når det gjeld spørsmålet om kvinnene skal bruke prevensjon eller ikkje. Men det er ikkje utan grunn at denne komedia har vore svært mykje spelt i vårt eige land dei siste åra. Eit stort publikum har fått seg ein sunn lått samstundes som alvoret bakom kunne kjennast att — om enn i ei mildare form. Ja, for det er vel enno eit stykke fram til at våre eigne supermarked treng kjenne seg truga av vanlege, heiderlege husmødre. Men, med bakgrunn i det som alt har skjedd på prisfronten dette året, er det vel noken kvar som knurrar litt og tenkjer stilt, det Dario Fo ropar ut: Vi betala ikkje! Vi betala ikkje!



Bilete frå ei prøve.



# VI BETALA IKKJE!

av Dario Fo

Instruktør  
Scenograf  
Omsetjar  
Musikkinnslag

Jon Heggedal  
Sturla Rongstad  
Rolf Losnegård  
Per Janke Jørgensen

Dei som er med:

Antonia .....	Hilde Brenni
Margherita .....	Anne Karin Torheim
Giovanni, mannen til Antonia .....	Magnus Tveit
Luigi, mannen til Margherita .....	Gerald Pettersen
Politimannen	
Sersjanten i sivilgarden	
Mannen frå begravelsesbyrået	
Far til Giovanni .....	Roy Jonassen

Inspisient  
Sufflør/turnéleiar  
Lys  
Sceneteknisk  
Kostymesyar

Mia Egge/Lee Reynolds  
Kari Sandtrøen  
Atle Øydvin  
Asbjørn Hatlem/Egil Sævold  
Ann-Elise Nordstrand

Plakat- og omslagsfoto  
Foto frå prøvene

Trygve Schønfelder  
Olav Reiakvam

Ansvarleg utgjevar  
Programredaksjon

Anne Gullestad  
Rolf Losnegård, Helge W. Sjursen.

Teaterforlag, Carlo Barsotti

PREMIERE 29. JANUAR 1981 I FØRDE

Sats og montasje: Øens Prent  
Trykk: Sagatrykk A/S


## MØT PRODUKTUTVIKLAREN VÅR — INSTRUKTØREN JON HEGGEDAL

Iscenesetjar og regissør er andre namn på denne viktige funksjonen innan teateret. Jon Heggedal er utdanna skodespelar (Teaterskulen 1960) og har praktisert faget både ved Fjernsynsteateret, Oslo Nye og Trøndelag Teater, der han m.a. spelte tittelrolla i Peer Gynt. Som 27-åring spelte han Peer både som ung og gamal, den yngste som her til lands har gjort dette.

Instruktør var han og — heilt frå 1961, og i dei seinare åra har regifaget vore hovudfeltet hans. Fast tilsett instruktør var han i tre år


ved Fjernsynsteateret, og elles har han hatt ei rekkje store oppgåver, m.a. Stolene av Ionesco, tre skodespel av Harold Pinter og ny norsk dramatikkk av forfattarar som Knut Faldbakken, Vigdis Stokkelien, Tor Åge Bringsværd og Helge Hagerup. Dette samarbeidet med unge norske dramatarar — som ofte kan bli ei slags produktutvikling — set han svært høgt og meiner det bør vere ei viktigare oppgåve for norsk teater enn å setje opp Ibsen. Men det sistnemnde gjev framleis høgre status.





Vårframsyninga vår treng sjølv sagt ein god dekorator. På teaterspråket heiter det scenograf, og mannen heiter

## STURLA RONGSTAD



Han vart fødd i Oslo i 1942. Som Dario Fo er han arkitektutdanna, men har etter kvart hatt mange store oppgåver innan scenografi. Club 7, Sommarteatret i Universitetshagen, operaskolen og Den Norske Opera, Oslo Døveteater og fleire kunne nemnast som døme — ikkje minst Sogn og Fjordane

Teater. Sturla Rongstad var mannen bak kulisser og drakter til Ole Brumm. Sameleis var han engasjert då «Vi betala ikkje!» skulle vore spelt hausten 1979. Som vi veit kom teaterstriden i vegen, men denne gongen vart det altså røyndom.



## MÅLREISINGSSOGA I SOGN OG FJORDANE

er emnet for ei framsyning som teateret er i arbeid med. Det er Fridtjov Urdal som har funne fram kjeldestoffet og sett det saman. Han er og forfattar av tidsbilete og scener som fortel saga om lærde embetsmenn som interesserte seg for folket sitt språk, ihuga bonde-søner som sloss for dette språket — landsmålet, striden om skule-målet og mykje meir.

## EIT STYKKE VIKTIG KULTURSOGE

vert med dette bydd fram for publi-kum. 75 års jubileet for den organiserte målrørsla gav støyten til dette programmet som vert vist fram første gongen på årsmøtet i Noregs Mållag i Førde sommaren 1981.

Seinare vil framsyninga verte fram-bydd både i opne tilstellingar og til skular og lag over heile fylket.

«... FOR EI KVINNE Å VERE  
HAR DU MYKJE BRA VET...»

Dette er tittelen på eit skulepro-gram om sunnfjordkvinna Nikka Vonen. Ho levde frå 1836 til 1933, mesteparten av tida i Dale i

Sunnfjord der ho leia ein pensjo-natskule for unge jenter i førti år. Skulen vart i samtida sett på som eit pedagogisk mønsterbruk og fekk elevar så langt borte frå som Amerika.

Nikka Vonen stod i kontakt med nokre av dei fremste menn og kvinner i kulturreisinga i førre hundreåret, m.a. Bjonstjerne Bjørnson og Eilert Sundt. Den sist-nemnde fekk henne til å gjere verd-fulle og forvitnelege notatar om menneske og levemåte i Sunnfjord på denne tida. Lite av dette stof-fet har vore prenta tidlegare, no vil teateret by det fram — i første omgang for skular. Seinare vil tru-leg framsyninga bli utvida og pre-sentert for eit større publikum.

## SKODESPELARINNA GERD WIIK

som ættar frå Rivedal i Sunnfjord, er kjend for publikum etter rol-ler både i Ole Brumm» og «Vi-taren kjem heim!». Det er ho som vil gje dette skuleprogrammet om Nikka Vonen — som ho og har vore med på å arbeide ut.

Elles har Fridtjov Urdal gjort mes-teparten av innsamlingsarbeidet, og utarbeiding av teksten er ved Rolf Losnegård.

## I SERIEN

### DAGSAKTUELL DRAMATIKK

#### PRESENTERER SOGN OG FJORDANE TEATER:

#### «AUDIENSEN» av VACLAV HAVEL

Denne einaktaren vart skriven i 1975 av forfattaren til «PROTEST» som teateret spelte hausten 1980. Det er med meining teateret spelar desse to stykka av den same forfattaren innanfor den same sesongen — dei har nemleg ein sterk indre samanheng både i form og innhald.


Som i «PROTEST» er «AUDIENSEN» eit spel om dagens situasjon i Tsjekkoslovakia. Denne gongen møter vi forfattaren Vanjek — som nok er Havel sjølv — i arbeid på eit bryggeri. Gjennom hans møte med bryggerimeisteren får vi eit bilete av eit samfunn der styresmaktene prøver å kneble meinings- og ytringsfridomen ved å spe-

le menneske ut mot kvarandre, og ved å stenge arbeidslivet for dei mest brysame.

Men stykket kan like gjerne sjåast på eit ålmenngyldig menneskeleg plan. Det viser mellom anna korleis menneske prøver å lesse over på dei som er svakare, det presset dei sjølv føler frå ein som er sterkare.

Som i «PROTEST» får vi sjå Gerald Pettersen i rolla som Vanjek. Som bryggerimeisteren møter vi Magnus Tveit.

Instruktør for framsyninga er Jon Heggedal, og han presenterer ei ein annan stad i dette programmet.



Opptak av «Audiensen» for Radioteatret i NRK sitt studio i Førde:

Frå v.: Magnus Tveit, Gerald Pettersen, Alf-Iørgen Tyssing, Jon Heggedal.

HEI !  
HER ER EG !  
KOR ER DU ?

MERKET DET STEND  
OM MANNEN HAN  
STUPA

følgjer med på turneen. Det er eit leiketeater for dei mellom 4 og 10 år etter eit dansk opplegg av H. Bay og T. Zeller.

Det er Ineke Brinkmann som har hatt instruksjonen av dette barnetilbodet. To skodespelarar medverkar, Anne Karin Torheim frå Nordfjord, og Roy Jonassen frå Abelsnes ved Flekkefjord.

Borna sjølve skal få ta del i denne teaterleiken. Handlinga er delt i åtte scener som tek borna med til: 1. Skogen, 2. Hannibal, 3. Gamle Magnus, 4. Sjørøvarsoga, 5. Draumen, 6. Fjersynet, 7. Norske born og andre fjes, 8. Det store og det vesle klovnenummeret.

Borna kan så vere med å velje kva for scener som skal spelast. Dette er mogleg på grunn av eit teppe som gøymer på fine overraskingar. Teppet er laga av Jeanette Henriksen.

Stykket hadde premiere på Holsen skule hausten 1980 og det blir helst spelt i mindre lokale. Det er sett ei grense på maksimum 70 ungar på kvar framsyning.

PER SIVLE (1857 — 1904)

var fødd i Flåm i Sogn der mor hans hørde heime, men vaks opp i Vosse-traktene der far hans kom frå. Sterke røter i diktinga hans går attende til begge sider av fylkesgrensa, der folkelynet kan vekslle mellom djerv — nesten grotesk — humor, og kjensleware stemningsuttrykk.

Han var ein diktar som femnde vidt. Mest kjend er han kanskje for dei humorfylte stubbane sine, sogedikta m.a. Tord Foleson, forteljningane så som «Berre ein hund» og Fanta-Nils, og dei vare songane — «Den fyrste song» og «Gøym meg, jord». Arbeidarromanane er ei anna side av diktinga hans som kanskje har vore ufortent lite påakta. Sivle var journalist og diktar og tok ivrig del i målreisinga og den nasjonale frigjeringskampen på slutten av 1800-talet. Han var «vår politiske frigjøringskamps ypperste sanger». Berre tenk på «Vi vil oss eit land som er frelst og fritt». Men han lei også mykje vondt gjennom livet sitt og var i mangt og mykje ein tapar. Som ein raud tråd gjennom diktinga hans går medkjensla med den veike og protesten mot undertrykkjaren.

Skodespelaren Magnus Tveit gjev denne skuletimen om Per Sivle og diktinga hans.

OBS ! OBS ! TEATERAMATØRAR I SOGN OG  
FJORDANE !

*Merk Dykk tidspunktet for utpakkinga av det store vår-  
tilbodet i amatørteater !*

*Tidspunkt: 28. — 31. mai 1981*

*Stad: Fjordane Folkehøgskule, Nordfjordeid*

Som du kanskje skjønner, er den årvisse amatørteatersamlingen på Eid vi snakkar om. Den går no mot si tredje tilskiping, og skal — som før — halde hus i Fjordane Folkehøgskule. Her har vi tidlegare m.a. hatt kurstillbod som: Instruksjon, lyssetjing, sminke og masker, snekring av kulisser, improvisasjonar og skodespelskriving, — dessutan festival for amatørteater.

Samlinga i år vil by på både  
framhald av tidlegare kurs  
og nye tilbod.

Vi viser elles til ekstra opplysningsskriv som vil bli spreidd saman med dette programmet og elles.

*Som alle gode tilbod er også dette avhengig  
av at kundane reagerer fort —  
Kontakt Sogn og Fjordane Teater i dag!*

Program-  
pris:  
Før: kr. 2,—  
No: kr. 3,—

Vi betala ikkje! : av Dar



20g131172